

STYREPROTOKOLL

Tysdag **15. desember 2015** heldt styret for Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS styremøte. Møtet blei leia av styreleiar Arne Gjerde.

MØTESTAD:	Haugesund Rådhus, formannskapssalen
MØTESTART/-SLUTT:	kl. 15.45 – 16.45
AV MEDLEMMENE MØTTE:	Arne Gjerde, Torleif Lothe og Norunn Byrknes
FORFALL:	Ingen
FRÅ SELSKAPET MØTTE:	Dagleg leiar Toril Hallsjø
ANDRE SOM MØTTE:	Ingen
INNKALLING:	Godkjent
SAKLISTE:	Godkjent

Følgjande saker blei handsama:

SAK 20/15 – GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ 15.09.15

Dagleg leiar sitt forslag til vedtak:
Protokoll frå styremøte 15.09.15 blir godkjent.

Styrehandsaming 15.12.15:
Styret hadde ingen merknader til protokollen.

Samrøystes vedtak 15.12.15

Protokoll frå styremøte 15.09.15 blir godkjent.

SAK 21/15 – REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 15.12.15

23. Val av representantar til HKS IKS - brev til kommunane 05.10.15
24. Info om anbod på revisjon til kommunane – nye møtedatoar
25. Opplæring for Haugesund bystyre 28.10 og Vindafjord KST 09.10.15
26. Informasjonsmøtet for nye kontrollutval 12.11.15 i Akسدal – 55 deltakarar
27. Haustkonferansen i Sandnes 10.12.15 – 32 påmeldte
28. Lønnsforhandlingane 06.10.15 – protokoll – Ikkje Off., OFL § 23.1
29. Sekretariatet sin møteplan for 2016

Styrehandsaming 15.12.15:
Dagleg leiar orienterte om valnemnda sitt arbeid fram til representantskapsmøte, framdrift for anboda og om opplæringa av dei nye folkevalde.

Styret meinte det nye styret burde arbeide vidare med kriterier for resultatlønn. Desse bør vere knytte opp mot fastsette mål i strategiplan og arbeidsmål. I år blei dei gode resultatata frå brukarundersøkinga i 2015 lagd til grunn. Styret meinte at ei slik undersøking burde gjerast anna kvart år. Kontrollutvala gjer si evaluering kvart fjerde år, ved slutten av kvar valperiode.

Samrøystes vedtak 15.12.15:

Styret tar referatsakene 23 - 29 blir tatt til orientering.

SAK 22/15 – BUDSJETTKONTROLL OG STATUSOVERSIKT PR. DESEMBER 2015

Dagleg leiar sitt forslag til vedtak:

Budsjettkontroll og statusoversikt pr. desember 2015 blir tatt til orientering.

Styrehandsaming 15.12.15:

Budsjettrapport pr. 15.12 blei delt ut i møtet Dagleg leiar informerte om status om arbeids-situasjon, økonomi og kommande arbeidsplaner. Styret var nøgd med at økonomien er under kontroll og rekneskapen ser ut til å gå ut med eit lite overskot eller nesten i balanse.

Samrøystes vedtak 15.12.15:

Budsjettkontroll og statusoversikt pr. desember 2015 blir tatt til orientering.

SAK 23/15 –REPRESENTANT TIL IKA`S REPRESENTANTSKAP

Dagleg leiar sitt forslag til innstilling:

..... er Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS sin representant i representantskapet til Interkommunalt Arkiv i Rogaland IKS. Som vararepresentant stiller

Styrehandsaming 15.12.15:

Dagleg leiar innleia. Utvalsleiar gjorde framlegg at det er dagleg leiar som møter frå selskapet. Vedkommande ville vere den som var mest kjent innan arkivfeltet. Rådgjevar vil vere naturleg stedfortredar. Styret slutta seg til framlegget og innstillinga vert lagd fram representantskapet i april for endeleg vedtak.

Samrøystes vedtak 15.12.15 og innstilling:

Dagleg leiar er Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS sin representant i representantskapet til Interkommunalt Arkiv i Rogaland IKS. Som vararepresentant stiller rådgjevar.

SAK 24/15 – MØTEPLAN FOR 2016

Dagleg leiar sitt forslag til vedtak:

Styret vedtar følgjande møteplan for 2016: 09.02, 07.04, 06.09 og 13.12 kl. 15.30.

Dagleg leiar kan i samråd med utvalsleiar endre møtedato når det er naudsynt.

Styrehandsaming 15.12.15:

Dagleg leiar orienterte. I fyrste møte vert førebels rekneskap 2014 og årsmelding lagd fram før oversending til revisor. I april møtet vil revisjonsmeldinga vere med og budsjettframlegget for 2017. Representantskapsmøtet er sett til 25. april. Til hausten vil nytt styre tiltre. Styret hadde ingen merknader til planen.

Samrøystes vedtak 15.12.15:

Styret vedtar følgjande møteplan for 2016: 09.02, 07.04, 06.09 og 13.12 kl. 15.30.

Dagleg leiar kan i samråd med utvalsleiar endre møtedato når det er naudsynt.

EVENTUELT

Strategiplanen

Torleif Lothe ønskte overordna strategiplan 2014-2018 på sakslista til neste møte. Styret slutta seg til framlegget.

Ulike roller – styremedlem og utvalsmedlem

Styret ønskte valnemnda blei gjort merksam på at det kunne vere ei uheldig samanblanding av roller å vere i kontrollutval og i styret for selskapet. Forvaltningslova § 6 har her blitt endra sidan selskapet blei etablert i 2004 ved lovendring som blei gjort gjeldande frå 2011.

Neste møte

I etterkant av styremøtet har styreleiar gjort merksam på at som følge av møtekollisjon med Tysvær kontrollutval må neste styremøte flyttast til **torsdag 11. februar 2016 kl. 15.30**

Aksdal, 22. desember 2015

Arne Gjerde
Styreleiar

Toril Hallsjø
Dagleg leiar